



Notat

Til: Ingrid Bjørge Pedersen

Kopi til:

Saksbehandler: Landbruk/Laila Bjørge

Vår referanse: 20/18052 - 7 / GBNR-325/2, FA-L42, GBNR-325/13, GBNR-325/14

Dato: 20.01.2021

Emne: uttale frå landbruk som gjeldt oppattbygging av hus etter brann og omlegging av gardsveg

Saka gjeld gjenoppbygging av brannskada våningshus. Det søkjast også om omlegging av tilkomstveger langs våningshuset.

GBNR 325/2

Gardskart syner at eigedomen har tre ulike GBNR og 6 teigar. Jordbruksarealet går fram av tabellen under.

Arealfordeling		Arealfordeling på teignivå							
Matrikkelnummer	Antall teiger	Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebygd, samf., vann, bre	Ikke klassifisert	Sum grunneiendom
☐ 4631-325/13 Areal i dekar									
4631-325/9	2	12,7	1,8	0,0	36,4	4,4	0,5	0,0	55,8
4631-325/13	1	21,5	0,4	23,2	52,9	21,6	3,8	0,0	123,4
4631-325/153	1	9,9	6,5	0,6	3,3	0,0	0,1	0,0	20,4
Sum	4	44,1	8,7	23,8	92,6	26,0	4,4	0,0	199,6

Opplysningar frå søknad om produksjonstilskot 2020 syner at to andre bønder leiger og brukar areala, så alt jordbruksarealet er i drift. Det vil sei at det foregår transport av gjødsel, for og andre naudsynte ting knytt til jordbruksdrifta og at det går dyr på beite. Dette er i tråd med reglane om driveplikt der eigar kan oppfylle denne ved å leiga vekk arealet i ein periode.

Som det går fram av flyfoto ligg tunet samla med våningshus og driftsbygning. Det er ingen andre hus på garden, så oppføring av nytt våningshus etter brann vil vera i tråd med LNF- føremålet. Det er ikkje naudsynt med handsaming etter jordlova. Dette føl av rundskriv M-1/2013 frå landbruks- og matdepartementet. *Begrepet jordbruksproduksjon dekker all planteproduksjon i jordbruk og hagebruk der jorda vert brukt som vekstmedium... Begrepet omfattar vidare bygningar som er direkte knyttet til driften av eiendommen, **samt våningshuset.***

Sjølv om drifta i dag er vekklegd er våningshus ein av dei viktigaste ressursane på ein gard med tanke på framtidig drift.

Flyfoto syner at vegen til tunet og vidare til to andre frådelt tomte er smal og ligg tett på bygningane. Både i høve til trafikktryggleik i og rundt tunet og transport til og frå jordbruksarealet er dei ei føremon at vegen vert lagt litt om. Dagens traktorar i landbruket er vesentleg større enn før. Teigen nærmast tunet vert slått med rundballepresse, og då vil ein traktor med tvillinghjul og presse vera minst 3 – 3,25 m brei og 7-9 meter lang. På eit gardsbruk må det vera tilkomst for større lastebilar for transport av gjødsel, dyrebil, byggematerialer med meir. Målt på flyfoto ser dagens veg ut til å ha ein breidde på 3 meter, og det er i knappaste laget.

Det bør vera eit vilkår for bygging av veg at dei steller til tilgrensande fulldyrka arealet på vestsida av vegen skikkeleg til att etter bygging. Aller helst bør vegen liggja i same høgde som bøen visst det er mogleg, for då vert drifta av arealet lettare.

Me er usikre på om det er naudsynt med søknad etter landbruksvegforskrifta til mindre omlegging, men det kan kanskje handsamast etter pbl.



20.01.2021
Laila Bjørge